



Dei to små er søte og tillitsfulle (Foto: Anne K. Rørheim)

Anne K. Rørheim frå Uskedalen hadde tysdag nesten køyrd over to kattepusar som stod i veggane i svingane ved Dimmelsvik. Ho hadde ikkje hjarte til å køyra frå dei og tok dei med heim, der dei har fått mat og massevis av kos.

Den eine var veldig mager og tappa for krefter. Men no er begge som kattepusar flest, kosete til tusen og tillitsfulle, fortel Anne. Folk som har peiling på katter meiner dei 2 er rundt 3 veker gamle. Dei er veldig søte, seier redningskvinnna.

Anne gjer seg visse tankar om kva folk gjer med dyra sine når dei reiser vekk i ferien. Ho håpar no at nokon kan vere interesserte i kattepusane, som er veldig søte. Det er gut og jente, fortel ho, som frå før har hund. Den treng omsorg og Anne føler at ho ikkje kan ta seg godt nok også av to kattar på sikt.

Av Ola Matti Mathisen